

Avtale mellom Bergen kommune og Vestland fylkeskommune om samarbeid for betre kollektivtransport

1 Bakgrunn for avtalen

Vestland fylkeskommune og Bergen kommune ønskjer å samarbeide tettare om utvikling av kollektivtransporten i Bergen, og Bergen kommune skal ha reell medbestemming innan området. Samarbeidet skal gå føre seg innanfor rammene av byvektsavtalen, fylket sitt driftsbudsjett og økonomiplan, og rammer gitt av kommunelova.

Vestland fylkeskommune er ansvarleg for kollektivtrafikken i Vestland fylke. Skyss er organisert som ei eining i fylkeskommunen, og skal sikre at vedtekne strategiar og tiltak blir sette i verk for å nå dei politiske måla for kollektivtrafikken.

Av alle kollektivreiser i fylket, skjer over 70% av dei i Bergen, der også den største veksten vil kome. Utvikling av kollektivtilbodet i byområde skal ha høg prioritet. Dette handlar om å styrke rutetilbodet der det er mange reisande, eller potensiale for nye reisande er stort. Det handlar også om å forenkle linjenett og rutetilbod.

For Vestland fylkeskommune er det viktig at reisebehova i heile fylket blir ivaretatt. For Bergen kommune er det viktig at kollektivtransporten støttar opp om byutviklinga og at tilbodet til innbyggjarane blir godt.

2 Politiske vedtak

Det er fatta vedtak både i Bergen kommune og i tidlegare Hordaland fylkeskommune om å arbeide for å få eit sterkare samarbeid om kollektivtrafikken i Bergen. Dei sentrale vedtaka er:

- Bergen kommune sitt vedtak i sak 2018/55036-1 i bystyret 21.12.2018
- Hordaland fylkeskommune sitt vedtak i sak 109/2018 i fylkestinget 11.12.2018

Sjå vedlegg for vedtaka i heile si form.

3 Formål med avtalen

Formålet med avtalen er å gi Bergen kommune reell medbestemming i høve til planlegging og gjennomføring av kollektivtransporten i kommunen.

Vestland fylkeskommune skal saman med Bergen kommune utvikle kollektivtransporten og mobilitetsløysingane i Bergen til eit høgt internasjonalt nivå, slik at dei reisande opplever eit dynamisk og fleksibelt tilbod for å dekke sine reisebehov på en effektiv, attraktiv og miljøvennleg måte. Vestland fylkeskommune skal saman med Bergen kommune utvikle kollektivtransporten og mobilitetsløysningane slik at dei bygger opp om kommunen sine mål om god byutvikling og redusert personbiltrafikk.

4 Partane sine plikter

Partane plikter å utvikle kollektivtransport og tenester innan kombinert mobilitet i eit aktivt og tett samarbeid. I dette ligg det at:

1. Bergen kommune skal gis reell medbestemming over planlegging og gjennomføring av kollektivtrafikk i kommunen, og Vestland fylkeskommune skal la kommunen sitt syn få stor vekt i saker som er svært viktige for kommunen.
2. RTP er Vestland fylkeskommune sitt styrande dokument for heile samferdsleområdet, inkludert kollektiv – og mobilitetsområdet. Strategi for berekraftig mobilitet er ein viktig del av RTP og legg grunnlaget for ei god utvikling av kollektiv – og mobilitetstilbodet i Vestland. RTP med tilhøyrande strategiar skal handsamast politisk i Vestland og Bergen kommune.
3. Partane skal samordne politiske og administrative prosessar innanfor kollektiv- og mobilitetstenester, og det administrative samarbeidet mellom Bergen kommune og Skyss skal vere nært og godt.
4. Strategiske dokument og viktige saker for utvikling av fagområdet skal handsamast i Bergen kommune. Vedtak i Vestland fylkeskommune skal ta omsyn til vedtak i Bergen kommune.
5. Det blir utnemnt politiske og administrative kontaktpunkt mellom partane. Eit samarbeidsråd med politisk og administrativ deltaking frå begge partar skal etablerast.
6. Bergen kommune skal ha medbestemming i utvikling og endringar på linjestruktur, utvikling av rutetilbod, prisstruktur og takstar. Tilbodet skal vere innanfor fylkeskommunen sine økonomiske ramar for kollektivtrafikk i byområdet.
7. For å sikre ei felles forståing for fylkeskommunen sine økonomiske prioriteringar skal Skyss og Vestland fylkeskommune vere transparent og dele økonomiske nøkkeltal og kunnskap om økonomiske drivarar knytt til utvikling og drift av tilbodet. Vestland fylkeskommune og Bergen kommune skal drøfte tilhøve som omhandlar overordna styring av Skyss, og Skyss skal orientere om kunderetta aktivitetar som er retta mot innbyggjarane i Bergen.
8. Vestland fylkeskommune har ansvar for rutetilbod og mobilitetstenester i resten av fylket, inkludert Bergen sine nabokommunar. Skyss blir formelt styrt i Vestland fylkeskommune.

5 Områder for medbestemming

Bergen kommune skal ha reell medbestemming både på strategisk, taktisk og operativt nivå.

5.1 Strategisk medbestemming

Partane skal samordna sitt arbeid om følgjande overordna strategiar og planverk:

5.1.1 Regional transportplan (RTP), med handlingsprogram:

RTP er ein regional plan etter Plan og bygningslova, og er fylkeskommunen sin overordna strategi for samferdsle. Bergen kommune tek del i planprosessen for RTP. RTP vert endeleg vedteken av fylkestinget. Handlingsprogram vert ein del av RTP, og skal reviderast og rapporterast på årleg. Vestland fylkeskommune er forplikta til å gjennomføre vedtatt handlingsprogram.

5.1.2 Strategi for berekraftig mobilitet:

Strategi for berekraftig mobilitet er ein integrert del av RTP. RTP inkludert strategi for berekraftig mobilitet og handlingsprogrammet skal handsamast og vert vedteken av bystyret i Bergen kommune og fylkestinget i Vestland fylkeskommune.

5.1.3 Miljøløftet

Gjennom Miljøløftet samhandlar Bergen kommune og Vestland fylkeskommune om finansiering av tiltak for å nå nullvekstmålet for privatbilar i heile Bergensområdet. Her skjer også koordinering med dei kringliggande kommunane og samla diskusjon om kollektivtiltak i byområdet. Viktige tema som inngår i Miljøløftet er:

- Prosjekt og tiltak; utviking, planlegging og bygging
- Finansiering av kollektivtiltak, gjennom bompengar, statlege bidrag og Fylkeskommunale midlar
- Belønningsmidlar til drift av kollektivtrafikk og mobilitetstiltak
- Koordinering mot statlege styresmakter

5.1.4 Utforming av oppdraget, rammeavtale og leveranseavtale til Skyss

Prosessar for å setje strategi, mål og prioriteringar må koordinerast, slik at Skyss kan få eit eintydig oppdrag, som både Bergen kommune og Vestland fylkeskommune kan slutte seg til. Partane samarbeider om utforming av rammeavtale og leveranseavtale med Skyss. Rammeavtalen justerast kvart fjerde år, og ved særskilte behov. Leveranseavtalen baserer seg på årleg vedteken budsjett. Partane kan gjere justeringar innafor dei vedtekne økonomiske ramane. Vestland fylkeskommune har endelege ansvaret for iverksetjing av oppdraget.

5.1.6 Bestilling av utgreiingar

Bergen kommune og Vestland fylkeskommune skal samarbeide om å bestille utgreiingar frå Skyss.

5.1.7 Rapportering

Skyss rapporterer fast på utvalde områder til både Vestland fylkeskommune og Bergen kommune-

5.2 Taktisk medbestemming

5.2.1 Tilbudsutforming og prismodellar

Vestland fylkeskommune og Bergen kommune skal samarbeide om utforming av linjestruktur, rutetilbod, prisstruktur og takstar innanfor dei økonomiske rammene for kollektivtrafikk i byområdet. Det skal gjennomførast kvartalsvise møter på høgt administrativt nivå. Partane vekslar på å ha sekretariatsfunksjon for desse møta, og møte planleggast i eit årshjul med på førehand fastsett agenda. Skyss førebur rapportering og tar opp saker av betydning for møtet sitt ansvarsområde.

5.2.2 Kombinert mobilitet

Partane skal samarbeide om integrasjon av ulike mobilitets- og kollektivløysingar, slik at publikum får eit heilskapleg og saumlaust transporttilbod. Partane skal gjennom sine verkemiddel prioritere slik at dei understøtter ein god struktur på mobilitets- og kollektivtenestene.

5.2.3 Rapportering

Skyss skal rapportere på måloppnåing og ressursbruk, på ein slik måte at det er tydeleg, opent og transparent korleis midlane vert nytta, og kva tiltak som gjev best måloppnåing. Det skal rapporterast om forhold som er relevant for Skyss sitt vidare arbeid. Begge partane skal bidra med kunnskap og innsikt dei har, slik at en får ei heilskapleg forståing av tilstanden innan mobilitets- og kollektivområdet.

5.2.4 Tilrettelegging for Skyss

Partane må sørge for at rammevilkår og føresetnader for gjennomføring av oppdraget til Skyss vert følgd opp, slik at Skyss kan utføre sitt oppdrag på en tenleg og ressurseffektiv måte.

5.3 Operativt medbestemming

5.3.1 Innovasjon

Partane skal gjennom prosjektet «Mobilitetslaboratorium for utvikling av smarte transportløsninger» (MUST) samarbeide om innovasjon kring mobilitetstenester på ein slik måte at ein også nyttiggjer seg kompetanse og bidrag frå andre offentlege og private aktørar. Både Bergen kommune og Vestland fylkeskommune skal være representert i prosjektets styringsgruppe, og begge partar skal bruke laboratoriet til analyse og utvikling av nye mobilitetskonsept og -tenester.

5.3.2 Sakshandsaming

Partane skal samordne sakshandsaminga og hjelpe kvarandre i utarbeiding av saker som fell inn under området for samarbeid.

5.3.3 Gjennomføring

Partane skal samordne og hjelpe kvarandre i gjennomføring av operative tiltak som krev bidrag frå både Vestland fylkeskommune og Bergen kommune. For å forenkle samhandlinga må partane peike ut faste kontaktpunkt som koordinerer dei interne bidraga frå eigen organisasjon.

6 Organisering

6.1 Overordna kontaktpunkt

Partane utnemner eit kontaktpunkt på kvar sin side. Kontaktpunktet har ansvar for samordning av aktivitetar på kvar sin side.

6.2 Samordning på strategisk og taktisk nivå, samordningsråd

Det vert etablert eit samordningsråd med politisk og administrativ leiing frå Bergen og Vestland. Rådet møter kvartalsvis, og leiinga av rådet går på omgang kvar anna år.

6.3 Samordning på operativt nivå

Den operative samhandlinga følgjer av sak, og begge partar forpliktar seg til å følgje opp avgjerder på strategisk og taktisk nivå.

Vedlegg

Vedtak i fylkestinget desember 2018

1. Fylkestinget ynskjer eit sterkare samarbeid om kollektivtrafikk med Bergen kommune. Dette samarbeidet skal ha som hovudmål å sikre eit miljøvenleg, effektivt og trygt transportsystem som fremjar mobilitet for befolkning og næringsliv i heile fylket.
2. Fylkesrådmannen skal utgreia om eit styrka samarbeid skal vera basert på eit utvida avtaleverk, eit kommunalt/fylkeskommunalt oppgavefellesskap jfr § 19-1 i ny kommunelov eller andre meir formaliserte samarbeidsløysingar.
3. Fylkestinget ønskjer også utredet korleis Skyss kan samarbeide betre med dei andre kommunane i Hordaland og framtida Vestland
4. Fylkesutvalet og Utval for Miljø og Samferdsel vert haldne informert i det vidare arbeidet
5. Endeleg avtale skal leggjast fram for fylkestinget til godkjenning
6. Fylkesrådmannen legg opp til god dialog med kommunane i fylket i utforminga av prinsipp for samarbeid

Bergen bystyre behandlet saken i møtet 19.12.2018 sak 292/18 og fattet følgende vedtak:

1. Bystyret slutter seg til at det inngås en intensjonsavtale med Hordaland fylkeskommune slik den er formulert i vedlegg til denne sak.
2. Byrådet gis myndighet til å føre videre forhandlinger med fylkeskommunen basert på intensjonsavtalen.
3. Endelig avtale med Hordaland fylkeskommune vil bli lagt frem for bystyret til godkjenning